



Hardangerrådet

Det kgl. Landbruksdepartement,
Postboks 8007 Dep,
0030 Oslo

Landbruksdepartementet	
Saksnr.: 2003/ 617	Doknr.: 69
Mottatt: 1 0 APR 2003	AMH/ MAT
Saksbeh.: KRO	Fik.: 66
Kopi:	Avskr.:

Kinsarvik 07.04.03

Uttale om framtidig organisering av laboratorienestene på matområdet.

Hardangerrådet er samarbeidsorgan for dei 7 Hardangerkommunane/-herada Eidfjord, Granvin, Jondal, Kvam, Odda, Ullensvang og Ulvik. Hardangerrådet drøfta laboratorienester på matområdet på Regionsmøtet med ordførarane i Hardanger 28.03.03 og meiner følgjande:

Hardanger Miljøsentra kan brukast som laboratorium for Mattilsynet for store deler av Vestlandet. Dette gjelder spesielt for kjemiske analysar der prøvane kan sendes over store avstandar utan at det er kritisk med omsyn til tid.

Eit mikrobiologisk laboratorium i kvart fylke vil truleg ikkje vera nok til å gi nødvendig nærleik for å halde kvalitetskrav til avstand mellom prøveuttak og analysetidspunkt.

Dette gjeld særleg på Vestlandet og i Nord-Noreg.

Statlege laboratorier ikkje må konkurrera med dei kommersielle laboratoria om rutineoppdrag på matområdet.

Om privat laboratorium.

I St.prp. nr. 63 (2001-2002) er det tilrådd at laboratorienestene på matområdet skal organiserast uavhengig av det nye statlege Mattilsynet. Med utgangspunkt i dei politiske føringane som er lagt fram av Stortinget både i tilknytning til St. prp. nr. 63 (2001-2002) og St. prp. nr. 1 Tillegg nr. 8 (2002-2003), ønskjer Hardangerrådet å gje klart uttrykk for at det i Odda i Hardanger finns eit svært godt privat laboratorietilbod.

Hardanger Miljøsentra, Alex Stewart Environmental Services AS, i Odda har eksistert som et kommersielt laboratorieselskap i 13 år og har innretta seg mot eit fritt laboratoriemarknad. Laboratoriet er akkreditert for mikrobiologiske og kjemiske analysar på vatn, næringsmidlar og slam. Hardanger Miljøsentra har i dag 16 tilsette med høg kompetanse, som til saman utfører 14 årsverk.

Hardanger Miljøsentra har i 3 år overteke analysane frå Næringsmiddeltilsynet.

Hardanger Miljøsentra har et stort nettverk og samarbeider bl.a. med NIVA, NILU, Universitetet i Bergen og Nasjonalt Institutt for Ernæring og Sjømatforskning i Bergen.

Om antall laboratorium på Vestlandet.

I kapittel 6 i høyringsnotatet: "Særleg vurdering av spørsmålet om nærhet", er det gitt ein minimumsstruktur for tal laboratorium. Departementet har som ei førebels vurdering sett det som ønskjeleg at det finns laboratorium med så vel kjemisk som mikrobiologisk analysekompetanse i kvar av Mattilsynet sine 8 regionar. I tillegg bør det vera eigne mikrobiologiske laboratorium i kvart fylke der kommunikasjonsforholda tilseier at eventuell

Hardangerrådet – 5780 Kinsarvik – Tlf.: 53 67 14 50 - Fax: 53 67 14 51
FNR: NO 980 045 412 – Bankgiro: 8426.05.05318



EIDFJORD
KOMMUNE



GRANVIN
HERAD



JONDAL
KOMMUNE



KVAM
HERAD




ODDA
KOMMUNE



ULLENSVANG
HERAD



ULVIK
HERAD



transport av prøvemateriale til andre deler av landet vil være vanskeleg innanfor de tidsrammer som metodar og standard krev.

Om offentlege laboratorium.

I St.prp. nr. 1 Tillegg nr. 8 (2002-2003) blir det presisert at det statlege engasjementet på eigarsida skal avgrensast.

Når det i prinsippet vert lagt opp til kommersiell laboratorieteneste, er det viktig at statleg engasjement på laboratorieområdet vert avgrensa til de former for laboratorieverksemd, som av faglege eller økonomiske årsaker ikkje kan ivaretakast av andre.

Med helsing
Hardangerrådet



John Skogseth/s/
Rådsordførar

Leiv Vambheim
dagleg leiar

Kopi til:

Det kgl. Fiskeridepartement, Oslo

Det kgl. Helsedepartement, Oslo

Næringsmiddeltilsynet for Indre Hardanger, Odda

Næringsmiddeltilsynet for Fusa, Jondal, Kvam og Samnanger, Norheimsund.

Næringsmiddeltilsynet for Voss og omland, Voss

Kommunane i Hardanger v/ ordførar

Media.